



Øystese 24.1.2024

Interpellasjon til heradsstyremøte 1.2.2024

Senterpartiet meiner Kvam herad bør halda fram samarbeidet og venskapet med Marijampole i Litauen

Samarbeidet med Marijampole har ein lang historie som starta med eit statleg finansiert prosjekt i etterkant av frigjerings frå Sovjet. Det var i periodar stor aktivitet med dåverande kultursjef Agnar Høysæter i bresjen. Han er no æresborgar i Marijampole. Både heradet, næringsliv, friviljuge organisasjonar og kulturaktørar har vore involvert. Lions har framleis eit stort engasjement. Musikklag og kor har vore på besøk begge vegar, og hundrevis av unge arbeidstakarar frå Marijampole har vore innom Kvam i periodar. I dag har me ei stor gruppe fastbuande frå Marijampole, tilsett i mange verksemdar.

Framlegg til vedtak:

Heradsstyret ber administrasjonen ta kontakt med leiinga i Marijampole, med mål om å avtala møte med dei under det årlege arrangementet «city days» som vert arrangert i pinsehelga. Det vil vera naturleg å senda ordførar og ein frå opposisjonen. Tidlegare kultursjef Høysæter kan og vera aktuell for å få ein god start på samtalanane. Målet er å leggja grunnlag for vidare samarbeid. Kostnadar vert finansierte frå disposisjonsfond.

Med helsing

Kvam Senterparti

Gjermund Stuve